

Tiltaksstrategi for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) for Øystre Slidre 2020-2023



Endeleg plan (KS 19/2385, 19/12-2019)

Føringar for SMIL-ordninga

Nasjonalt miljøprogram omtalar tre nivå for ulike økonomiske verkemidlar i jordbruket. På nasjonalt nivå har vi mellom anna areal- og kulturlandskapstilskot og tilskot til dyr på beite, gjennom ordninga med produksjonstilskot. På regionalt nivå har kvart fylke eit regionalt miljøprogram (RMP). Det tredje nivået blir forvalta gjennom kommunen gjennom Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det skal utarbeidast fireårige tiltaksstrategiar for bruk av SMIL-midlar i kommunen på bakgrunn av både nasjonalt og regionalt miljøprogram.

Dei overordna retningslinjene for SMIL-ordninga i kvar kommune skal utarbeidast i dialog med næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt. Regionalt miljøprogram skal gje føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane.

I tiltaksstrategien for SMIL-ordninga skal kommunen gje greie for dei lokale miljøutfordringane og prioritere bruken av SMIL-midlar i neste fireårsperiode på bakgrunn av dette. Kommunen skal legge vekt på tiltak som har konkret miljøeffekt. Miljøutfordringar som er prioritert i RMP skal også vera førande i kommunen sine prioriteringar for SMIL. Det kan derimot vera store skilnadar mellom kommunar og regionar på kva utfordringar det er viktigast å løyse gjennom tiltak lokalt.

Der kommunen har gjeve SMIL-midlar til eingongsinvestering kan tiltak i Regionalt miljøprogram i mange tilfelle bidra til seinare skjøtsel.

Miljøutfordringer i kommunen

Kulturlandskap

Attgroing av beitemark og marginale areal er ein kraftig trend i kommunen. Utviklinga fører til tap av opent landskap med stor verdi for friluftsliv og turisme. Verdien som beiteareal går ned, og trugar også biologisk mangfald.

Særleg er utfordringa tydeleg i stølsområde og høgareliggjande areal. Men også heimåsen, bratt areal, små teigar med därleg arrondering, leigejord og areal med lang køyreavstand er utsett. Meir ekstensiv drift, endra bruk og klimaendring er viktig årsak.

Biologisk mangfald

Ein viktig del av vårt biologiske mangfald har utvikla seg ved tilpassing til tidligare tiders variasjon i driftsformer og arealbruk i jordbruket. Særleg er gamle beite- og slåttemarker viktige, der attgroing no er ei utfordring. Intensivert og einsretta drift på enkelte areal er også ein trugsel mot biomangfald. Arter knytt til lysopen og kortvakse vegetasjon er sterkt redusert. Dette påverkar blant anna pollinerande insekt.

Kulturminne og kulturmiljø

Mange kulturminne og kulturmiljø ligg i eller nær jordbrukslandskapet. Desse kan bli skada av ulike tiltak. Minst like viktig er forfall på grunn av manglende vedlikehald og skjøtsel fordi nytteverdien ofte blir rekna for å vera liten. Attgroing er også her eit typisk trekk.

Verneverdige bygg er arkitektonisk eller kulturhistorisk verdifulle bygningar, som ikkje er freda, men som likevel bør takast vare på etter antikvariske metodar og prinsipp. SMIL-ordninga dekkjer ikkje tiltak på freda bygningar. Verneverdige bygg knytt til jordbrukslandskapet kan vera alle slags

bygningar på gardstun og i inn- og utmark, frå våningshus og driftsbygninger til smier, utløer, koier og kvernhus. Kommunen har ein del slike bygningar og bygningsmiljø, men relativt få samanlikna med andre dalføre. Vedlikehald er kostbart, og slik bygningsmasse kan også ha heller liten nytteverdi. Tap av slik bygningsmasse er å sjå som ei stor utfordring i kulturhistorisk samanheng, og vi treng bevaring av representative bygningar og bygningsmiljø, som kan vise tidlegare tiders bruk av området.

Stølsdrifta er ein sentral del av kommunen sin kulturarv. Den står fortsatt sterkt, men er truga som følgje av strukturendring i mjølkeproduksjon. Det er ein stor verdi i beiteressursen i utmarka, men kostnader er ein viktig del av utfordringa ved å oppretthalde tradisjonell støling.

Friluftsliv

Opent kulturlandskap i støls- og utmarksområde er ein viktig kvalitet for friluftslivet i kommunen. Endra bruk, beiteregimer og klima har medført attgroing, som er ein trugsel for denne kvaliteten. Store vidder blir lite tilgjengelege, og også stigar er etter kvart tilgrodd. Dette gjeld også i ein del turistkonsentrerte område, som no er mindre brukt som beiteområder, men ligg i kulturlandskapsmiljø prega av tidlegare jordbruksdrift.

Det vil ofte vere vanskeleg å sjå dei direkte koplingane mellom slike tiltak, som grunneigar set i verk, og kommersielt utbytte, og derfor vil det ofte kreve høge tilskot for å skape nok interesse.

Avrenning til vatn

Vatn skal forvaltast i samsvar med Vassforskrifta, og det er eit krav at tiltak blir gjennomført slik at alt vatn skal nå ein god kjemisk og økologisk tilstand. Særleg ein del elvar/bekkar med tilsig til Volbufjorden/Høvsfjorden har økologisk tilstand (moderat) der tiltak, etter forskrift, skal settast i verk. Øystre Slidreåne og Rennsennvatnet har også slik status. Endringar i status vil bli fylgt opp i programperioden.

Jordbruk har ein påverknad på vasskvalitet, og i dei aktuelle tiltaksområda er det rekna at jordbruket har ein «moderat» påverknad. Dette har delvis samanheng med husdyrhald og mellom anna bruk/lagring av husdyrgjødsel. Jordbruksareal generelt må reknast å ha påverknad, uavhengig av dyretettleik.

Tap av næringsstoff til vatn skjer i stor grad gjennom erosjon og avrenning av nitrogen (påverkar havområde) og fosfor (kan gje algevekst i ferskvatn) frå jord. Bratt terreng og milde/nedbørrike vintrar aukar risikoene for tap av næringsstoff. Jorda sin fosforstatus har stor betydning for risikoene for fosfortap, og høg fosforstatus er vanleg der vi har hatt husdyr i lang tid.

Samanlikna med område, der korn og åkerbruk er omfattande, har Øystre Slidre generelt små problem med erosjon. Omløpstida for eng har også vore aukande, og bruk av plantevernmiddel er svært avgrensa.

Punktutslepp av pressaft frå rundballar, avrenning frå gjødselkjellarar/lager og haustspreiing av husdyrgjødsel representerer viktige miljøutfordringar. Avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar for beitedyr må også nemnast med betydeleg miljørisiko.

Manglande eller dårlig vedlikehald på hydrotekniske anlegg fører til auka risiko for erosjon og tap av næringsstoff.

Utslepp til luft

Jordbruket i kommunen er i stor grad knytt til grovfôrbasert husdyrproduksjon. Med denne produksjonen følgjer utslepp av klimagassane metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Metan stammar vesentleg fra nedbryting av fôr i vomma, men også fra husdyrgjødselbruk og –lagring. Lystgassen er mest ei følge av nitrogenbruken i all slags gjødsel. Jordpakking og dårlig drenering fører til risiko for auka tap av lystgass. Grasmark vil det derimot binde vesentleg meir karbon i jord enn åkermark. Omlegging fra gras til åker vil i lang tid føre til utslepp av karbon, og vil slik vera ein vesentleg motpost til vinsten ved å eventuelt redusere produksjon på drøvtyggjarar.

Tap av ammoniakk (NH₃) er særleg knytt til lagring og bruk av husdyrgjødsel, og vil indirekte føre til klimaeffekt (lystgass).

Vekt på god dyrevelferd, dyrehelse og føring vil kunne sikre optimal produksjon med mindre utslepp per produsert eining. God agronomi blir også rekna å ha vesentleg vekt på utslepp av klimagasser, som lystgass.

Rett lagring og bruk av husdyrgjødsel er viktig for å hindre avrenning av næringsstoff til vassdrag og utslepp av klimagasser til luft. Tiltak på jordbruksareal nær vassførekommstar, som reduserer erosjon og avrenning av næringsstoff, vil ha god effekt på både miljø og klima.

Plantevern

Den grovfôrbaserte arealbruken i kommunen fører til relativt sett lite bruk av plantevernmidlar. Alle føretak blir fylgt opp i høve til krav om journal over bruken av plantevernmidlar, som i stor grad er knytt til ugraskamp og attlegg. Dette tema må overvakast, men er ikke rekna som ei stor utfordring i vår kommune. Omlegging til meir åkerbruk vi kunne endre dette.

Mål og prioritering

Jordbruket i Øystre Slidre kommune skal ta vare på produksjonsgrunnlaget, redusere ureining og utslepp av klimagassar, oppretthalde eit variert og opent kultur- og stølslandskap, samt bevare og utvikle natur- og miljøverdiane gjennom aktiv skjøtsel og god agronomisk tilpassing.

Mål og strategiar på ulike miljøtema i den kommunale tiltaksstrategien for Øystre Slidre er forankra i gjeldande Regionalt miljøprogram for jordbruket i Innlandet.

Prioritering innanfor miljøtema

Kulturlandskap

Gjennom SMIL-ordninga skal vi ta vare på det tradisjonelle kulturlandskapet ut over det ein oppnår gjennom dei nasjonale og regionale ordningane.

Det blir lagt til grunn at aktiv jordbruksdrift og beitebruk er viktig for å oppretthalde og fremme verdiar i vårt kulturlandskap.

Støling og stølsdrifta i Øystre Slidre er viktig og spesiell, og vil derfor bli særleg vektlagt.

Tiltak for å fremme beitebruken i heimstølsområda er viktig fordi desse områda ofte har høg beiteverdi og har mange kvalitetar knytt til kulturlandskap og kulturminne.

- Tiltak i stølsområda skal ha høgast prioritet, der beitebruksretta tiltak skal vektleggast.

- Mindre investeringstiltak retta mot å fremme kontinuitet i stølsdrifta skal ha høg prioritet.
- Beiteretta tiltak, som fremmar kulturlandskap i utmark, skal ha høg prioritet
- Tiltak i heimåsområda skal også ha skal ha høg prioritet, mens reine kulturlandskapstiltak i bygda normalt ikkje skal prioriterast.
- Kulturlandskapstiltak som bidreg til å ta vare på eksisterande biologisk mangfald blir vektlagt i prioriteringa

Biologisk mangfald

Gjennom SMIL-ordninga skal vi ta vare på utvalte naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket ut over det ein oppnår gjennom dei nasjonale og regionale ordningane.

Eingongstilskot for å sikre truga biologisk mangfald på jordbruksrelatert areal er særleg viktig der dette er relevant for restaurering av areal og sikring av rett skjøtsel.

- Kartlegging, registrering, naudsynt restaurering/tilrettelegging og utarbeiding av skjøtselsplaner relatert til biologisk mangfald skal ha høg prioritet.
- Årleg drift av biologisk verdifulle areal, ut over eingongstiltak, skal ikkje støttast med tilskot frå SMIL-ordninga. Slike areal skal normalt kunne få midlar gjennom RMP-ordninga.

Kulturminne og kulturmiljø

Gjennom SMIL-ordninga skal vi ta vare og synliggjera spor i landskapet etter jordbruksdrift og busetting i tidligare tider, samt bidra til å oppretthalde tradisjonelle driftsformer, som stølsdrift. Ordninga skal i regelen dekke tiltak som ikkje direkte blir støtta gjennom dei nasjonale og regionale ordningane.

Det vil vera eit krav at bygningar som får tilskot skal vera vurdert av uavhengig faginstans (som bygningsvernrådgjevar). Stølsprosjektet med SEFRÅK- oppdateringa skal nyttast som grunnlag for vurdering av tilskot knytt til relevante tiltak. Manglande interesse for å gjennomføre slike tiltak kan ha samanheng med at bygningane/tiltaka ofte har liten nytteverdi for den enkelte, og dette bør derfor reflekterast i tilskotssatsar.

- Tiltak for å skjøtte kulturhistoriske områder og kulturminne i jordbrukslandskapet skal ha høg prioritet.
- Tiltak for å ta vare på og gjera tilgjengeleg kulturminner, som gravminner, rydningsrøyser, opplagde steingjerder, jernvinneanlegg og ulike fasilitetar frå tidlegare tider, skal ha prioritet.

Friluftsliv

Gjennom SMIL-ordninga skal vi fremme allmenn tilgang til jordbruket sitt kulturlandskap.

Tilgang til dei mange opplevingskvalitetane i landskap og kulturminne er viktig for fastbuande og dei mange tilreisande til kommunen.

- Tilretteleggingstiltak for friluftsliv i kulturlandskapet, som på ein god måte tek omsyn til ulike brukarinteresser, skal vektleggast.

Avrenning til vatn

Gjennom SMIL-ordninga skal vi legge til rette for tiltak som kan redusere erosjon og avrenning av næringsstoffer til vassdrag ut over det ein oppnår gjennom dei nasjonale og regionale ordningane.

Tiltak for å redusere ureining til vaten fra jordbruksjord blir støtta gjennom RMP og gjennom støtte til drenering av jordbruksjord. Det vil ikke bli gjeve SMIL-tilskot til tiltak som er godt dekt i andre ordninger, som til dømes tiltak for miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel.

- Tiltak som påverkar vasskvalitet kan støttast gjennom SMIL-ordninga, som tiltak for å etablere permanente kantsoner og fangdammar. Tiltak på areal som har tilsig til vaten med god eller betre økologisk (og kjemisk) tilstand skal ha moderat prioritet, mens det i andre område skal ha høg prioritet, og i høgt prioriterte område kan det også gjevast tilskot gjennom SMIL-ordninga til hydrotekniske tiltak, som restaurering og vedlikehald.
- Tiltak, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift, for å redusera punktutslepp frå førlager (rundballelager) skal prioriterast høgt.
- Tiltak, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift, for å redusere risiko for avrenning frå husdyrgjødsel i uteklever og samleplassar for beitedyr skal prioriterast.

Utslepp til luft

Gjennom SMIL-ordninga skal vi legge til rette for tiltak som vil gje reduksjon i utslepp av ammoniakk og klimagassar.

Tiltak for å stimulere til gjødslingsmetodar og agronomi som gjev redusert utslepp av ammoniakk og lystgass er no innført i RMP. Der ein vurderer dette som godt dekkjande (m.a. miljøvennlig spreiling av husdyrgjødsel og ingen jordarbeiding på hausten) blir ikke SMIL-midlar prioritert.

Tiltak som reduserer avrenning til vaten har indirekte også verknad på utslepp til luft.

- Tiltak der det er sannsynleggjort at klimautslepp vil gå ned skal vurderast. Tiltak, som ikke er dekt av andre ordninger, vil ha høg prioritet. Slike tiltak må også vurderast ut frå laupande dokumentasjon, orginalitet, verknad og karakter.
- Det kan gjevast eingongstilskot til etablering av dekke over eksisterende gjødsellager (reduksjon av klimagassutslepp). Tiltaket må ha varig karakter og vera tilpassa det aktuelle lageret.

Plantevern

Gjennom SMIL-ordninga skal vi legge til rette for tiltak som vil redusere bruken av og risiko for ulemper knytt til plantevernmiddel.

Tiltak for å stimulere til agronomi som gjev redusert bruk av plantevernmiddel er gjeldande i RMP, og der ein vurderer dette som godt dekkjande blir ikke SMIL-midlar prioritert.

Bruken av plantevernmiddel er heller liten i våre grasbaserte dyrkingssystem. Derfor vil dette temaet få låg prioritet. Det vil likevel vera grunnlag for å vurdering av tiltak som kan dokumentere god nytteverknad ut frå lokal tilpassing.

- Spesielle investeringar som reduserer risiko for tap av plantevernmidlar, som for eksempel biobed ved påfyllingsplassar eller liknande, kan få tilskot.

Prioritering mellom miljøtema

For komande strategiperiode skal det leggast opp til større kostnadsdekning ved utmåling av tilskot, samanlikna med tidlegare periode. Det kan bety færre prosjekt årleg, men vil stimulere til høgare gjennomføringsgrad.

Med bakgrunn i dei lokale utfordringane, og tiltak gjort greie for innanfor kvart miljøtema, vil det ved for liten tilskotsramme bli ei prioritering mellom miljøtema i slik rekkefølgje (høg til låg):

- Kulturlandskap
- Avrenning til vatn
- Kulturminne og kulturmiljø
- Biologisk mangfold
- Utslepp til luft
- Friluftsliv
- Plantevern

Øvrige prinsipp for tildeling og prioritering av midlar

- Planleggings og kartleggingstiltak, som fell innanfor føremåla, skal ha høg prioritet og utmåling.
- Bruk med aktiv drift skal prioriterast framfor andre når søknadene elles er like.
- Tiltak som har eit kommersielt potensial skal ha høgare prioritet enn samanliknande tiltak utan.
- Eingongstiltak som kan utløyse RMP-tilskot til årleg skjøtsel skal ha spesielt høg prioritet.
- Tiltak som kan redusere ureining frå areal som har tilsig til vatn med moderat eller dårligare økologisk tilstand skal ha høgast prioritet.
- Nytteverdien for reiselivsproduktet i Øystre Slidre og Valdres skal vurderast og vektleggast.

Retningslinjer for søknadsbehandling

Satsar for tilskot og prosent tilskot for ulike tiltaksgrupper

Satsar til grunn for godkjente kostnadsoverslag og tilskotsprosentar - noverande og nye

Standardsatsar pr. eining u/moms

	<u>2013-2017</u>	<u>2020-2023</u>
Eigeninnsats, kr pr. time	200,-	300,-
Skigard pr. meter ferdig oppsett	350,-	375,-
Hongard/stakitt	180,-	200,-
Nettinggjerde pr meter ferdig oppsett	65,-	100,-
Risknusing pr daa, lett lende	450,-	550,-
Risknusing pr daa, vanskelig lende	750,-	850,-
Manuell rydding mindre arb. pr daa	700,-	850,-
Manuell rydding medium arb. pr daa	1100,-	1250,-
Manuell rydding arb.krevjande, pr daa	1500,-	1600,-
Rydding av reksler og stiger, pr. m	2-8,-	3-12

<u>Maksimale tilskot (%) neverande og nye</u>	2014-2017	2020-2013
Gjerding	50%	50%
Rydding av beite, manuelt	70%	70%
Rydding av reksler og stiger	70 %	70%
Krattknusing	70	70%
Planlegging (aktuelt ved fellestiltak)	90%	90%
Rehabilitering av verneverdige bygg	20- 70 %	70%
Biologisk mangfold (kartlegging, skjøtselsplan)	90 %	90%
Informasjon		70%
Restaurering kulturlandskap/kulturminne	70%	70%
Tilrettelegging (skilting, krakker, bord etc.)	70%	70%
Investeringstiltak innan org. beitebruk	30-50%	70%

Hydrotekniske tiltak på jordbruksareal og i vassløp:

Opne avskjeringsgrøfter	35%
Grave opp gamle røygater til nye opne kanalar	35%
Reparasjon og tetting av eldre røygater	35%
Sikring av botn og sider i kanalar	35%

Bygningsmessige tiltak

Tiltak mot avrenning frå utekveer og samleplassar for beitedyr	50%
Avrenning frå rundballar/rundballeplassar	70%

Stølsområde

Mindre investeringstiltak i tilknyting til aktiv stølsdrift.

Mjølkerom, vatn, tilkomst mjølkebil og liknande.	40%
--	-----

- Maksimalt tilskotsbeløp/bruk i løpet av 5 år er kr 200.000,-.

- Satsane er å sjå på som inntil satsar- gode prosjekt i stølsområda vil normalt få høgare tilskotsprosent enn likestilte prosjekt andre stader.

Vilkår

I samband med tildeling av midlar kan kommunen sette vilkår, til dømes med krav til beiting over ei viss tid ved tilskott til gjerding, at hus ikkje skal endrast i ei viss tid etter at prosjektet er avslutta, eller at søker forpliktar seg til eit regime for vedlikehald over ei viss tid.

Standardvilkår:

- Krav til beiting ved gjerdetilskot: 5 år etter avslutta prosjekt
- Krav til at hus ikkje skal endrast : 8 år etter avslutta prosjekt
- Andre vilkår blir sett ut frå eit fagleg skjønn frå kommunen

Søknadsbehandling og søknadsfrist

Innkomne søknadar skal vurderast med utgangspunkt i føringar og prioriteringar innan dei ulike miljøtema i vedteken tiltaksstrategi.

Søknadsfrist

Det blir lagt opp til ein søknadsfrist kvart år, rundt 1. juni. Det vil då vera mogleg å synfara og sakshandsame søknadene før sommarferien. Søknadsfrist og informasjon om ordninga skal kunngjera kvart år. Søknadar levert innan fristen vil bli prioritert innanfor årets ramme.

Informasjon om ordninga

Det skal lagast ei brosjyre over tilskotsordninga med tilhøyrande regelverk. Denne vil bli sendt ut til alle gardbrukarar og lagt ut på kommunen sin heimeside. I tillegg blir tilskotsordninga gjort kjent ved annonsering i lokalpressa.

Krav til søknaden

Søknadar skal leverast elektronisk på skjema utarbeidd av landbruksdirektoratet:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/>

Tiltaket skal beskrivast og dokumenterast, gjerne med bilete. Det skal ligge ved kostnadsoverslag for tiltaket, og det vil vera krav om utarbeidd kostnadsoversikt frå uavhengig entreprenør der det er relevant. Ein enkel finansieringsplan og andre relevante vedlegg (kart, teikningar, skisser mm) skal også ligge ved søknaden. Ved manglande dokumentasjon skal den innhentast før handsaming av saka.

Rapportering og utbetaling

Arbeidsfristen vil vera inntil 3 år, og det kan etter søknad gjevast utsetting inntil eit ekstra år der behovet for dette er tilstrekkeleg grunngjeve.

For alle tiltak der ein ikkje opererer med faste einingsprisar bestemt av kommunen, skal ein legge fram rekneskap og kunne dokumentere utlegg og timeverk eigeninnsats ved føring av timelister. Ein skal også legge ved ein kort rapport om tiltaket, gjerne med bilete vedlagt.

For tiltak med kostnad over kr 100 000 skal det ligge føre rekneskap revidert av rekneskapskontor. For tiltak med tilskotssummar under kr 10 000,- er det ikkje høve til delutbetalingar. For andre tiltak kan ein ha ein delutbetaling som i prosent er i samsvar med kor stor del av arbeidet som er utført.